

Sakshandsamar:

Atle Skrede

E-post: atle.skrede@sfj.no

Tlf.: 41530716

Vår ref.

Sak nr.: 17/4747-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

20148/17

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 14.06.2017

Planutvalet 20.juni 2017

Arbeidsdokument 1: Rullering handlingsprogram anlegg i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019.

Dette arbeidsdokumentet handlar om:

- 1) Bakgrunn
- 2) Orientering om iverksetjing og gjennomføring av vedteken plan
- 3) Mål med rullering av handlingsprogram anlegg
- 4) Medverknad i rulleringa
- 5) Framdrift i arbeidet fram til fylkestinget i desember 2017.

1) Bakgrunn

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vart vedteken i fylkestinget 10.12.13; FT-sak 49/13, og forlenga med to år 08.12.2015; FT-sak 55/15. Handlingsprogrammet vart vedteke som del av planen. Det er behov for rullering av anleggsdelen av handlingsprogrammet no.

2) Orientering om iverksetjing og gjennomføring av vedteken plan

Hovudutval for næring og kultur har lagt handlingsprogram for anlegg til grunn for si tildeling av spelemidlar i 2016 og 2017. For begge desse åra er samla tildeling til fylket høgare enn budsjettert og ventetida går ned. Fleire prioriterte anlegg både i 2016 og 2017 har endra tilskotssummar som gjer at ein ved tildelinga har framskunda anlegg som står oppført både i 2018 og 2019. Eitt av anlegga som skulle ha tildeling i 2017 er utsett.

Tilråding:

Planutvalet tek ovannemnde om iverksetjing av regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv til vitande.

3) Mål med rullering av handlingsprogram anlegg

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er utarbeidd i tråd med føringane i plan- og bygningslova. Lova set krav om årleg rullering av handlingsprogrammet i kommunale planar for fysisk aktivitet, medan rulleringa av handlingsprogrammet i regionale planar kan gjennomførast annakvart år. Det er ikkje gitt spesielle føringar for korleis ei rullering skal leggest opp.

Fylkesrådmannen rår til at prosessen rundt rulleringa vert lagt opp enkelt, og med medverknad frå kommunane, regionale aktørar og frivillig sektor jf. pkt. 4) under. Dette er i tråd med intensjonane i lova som seier at planlegginga ikkje skal vere meir omfattande enn naudsynt.

Handlingsprogrammet for anlegg i planen er todelt:

- Korttidsprogram 2016 – 2019 (tildeling av spelemidlar)
- Langtidsprogram 2020 - (tildeling av spelemidlar)

Det er gjennomført to år av planperioden. Desse åra har det skjedd ei utvikling som gjer at det er relevant å gjennomføre ei rullering knytt til tildeling av spelemidlar til anlegg (anleggsdelen i handlingsprogrammet).

Gjennom denne rulleringa vil vi skape føreseielege vilkår for brukarane ved å:

- Fange opp innspel til handlingsprogrammet frå gjennomført rullering av kommunale planar.
- Oppdatere handlingsprogrammet med oppdaterte søknadssummar for 2018 og 2019.
- Rydde i langtidsprogrammet, ut med ikkje-realiserde anlegg, gje rom for nye anlegg.

Prognosane for dei næraste åra og innmelde behov av nye, store prosjekt som skal søkje om spelemidlar, tilseier at ramma vil ligge mellom rundt 50 millionar dei komande åra. Gjennom rulleringa vil det bli utarbeidd eit handlingsprogram for perioden 2018-19, og eit langtidsprogram frå og med 2020.

Tilråding:

Planutvalet sluttar seg til føremåla med rullering av handlingsprogram for anlegg for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

4) Medverknad i rulleringa

Utarbeiding av regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vart gjennomført i tett samarbeid med partnerskapen (frivillig sektor, kommunane, Høgskulen på Vestlandet, fylkesmannen og fylkeskommunen). Dei same aktørane er involverte i iverksetjing av planen. Fylkesrådmannen ser det som naturleg at desse aktørane vert inviterte til å ta del i arbeidet med rulleringa av handlingsprogrammet for anlegg. Aktiv tilrettelegging for medverknad er også ein invitasjon til partnerskapen om at fylkeskommunen ser deira rolle i dette arbeidet som viktig.

Tilråding:

Planutvalet sluttar seg til at rullering av handlingsprogrammet for anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert gjort i samarbeid med partnerskapen.

5) Framdrift i arbeidet fram til fylkestinget i desember 2017.

Arbeidet har ein politisk og ein administrativ del. Målet er å gjer arbeidet så enkelt som mogleg, samstundes som vi tek i vare medverknadsprinsippet. Ut frå dette bør prosessen med rullering verte slik:

Politisk prosess:

Planutval 20. juni

(Hovudutval for næring og kultur 22. juni – til orientering)

Hovudutval for næring og kultur 21. november

Fylkesutval 22. november

Fylkesting 5. desember

Tilråding:

Administrativ prosess/ opplegg for medverknad:

Informasjon til kommunane og frivillig sektor (juni)

Invitasjon til partnerskapen om deltaking i rulleringa (juni)

Drøftingar med partnerskapen (juni-oktober)

Innspel til rullering av handlingsprogrammet (frist 6. oktober)

Rullert handlingsprogram vert utarbeidd i samråd med partnerskapen (oktober)

Planutvalet sluttar seg til skissert prosess for gjennomføring av arbeidet

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Jan Heggheim

Fylkesdirektør for næring og kultur